



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Oddmund Paulsen  
Stølavegen 37  
4270 ÅKREHAMN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2956 - 14/11900

Saksbehandlar:  
Toril Marie Mulen  
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:  
03.11.2014

## Landbrukssak Gbnr 32/5 Uthella - Søknad om utsett frist for buplikt

Delegasjonssak nr.:

I brev dagsett 20.12.2012 vart det fatta vedtak i hovudutvalet om at Oddmund Paulsen fekk konsesjon for overtaking av landbrukseigedommen gnr/bnr 32/5 med vilkår om at han tilflytta bruket innan 31.12.2014 og budde på landbrukseigedommen i minimum 5 år.

Hausten 2014 har Oddmund Paulsen søkt om å dele ifrå våningshuset frå landbrukseigedommen. Ein avtale for kjøp av den resterande landbruksjorda som tilleggsjord til gardsbruk i aktiv drift ligg ikkje føre enno. Oddmund Paulsen er i dialog med gardsbruk i aktiv drift om mogleg kjøp av jorda som tilleggsjord.

Oddmund Paulsen søker i brev dagsett 22.10.2014 om utsett frist for å tilflytte gardsbruket i påvente av å få på plass ein avtale om kjøp av jorda som tilleggsjord til gardsbruk i aktiv drift.

Vedtak: Rådmannen gjev søkjar medhald i søknad om utsett frist for å tilflytte bruket. Rådmannen gir søkjar utsett frist til 31.12.2015 til å tilflytte landbrukseigedommen gnr/bnr 32/5 i Radøy kommune.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b  
Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt leiar Felles landbrukskontor Toril Marie Mulen.*

Med helsing

Torill Marie Mullen  
leiar

Toril Marie Mullen  
leiar Felles landbrukskontor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Oddmund Paulsen

Stølavegen 37

4270

ÅKREHAMN